



Vikøy Sokneråd

Postboks 39

5600

REFERAT frå SR i Norheimsund kyrkje 21.april 2026

kl.19.00

Frammøtte: Astrid, Brynhild, Solfrid, Erling, Vetle, Magne, Randi, Helene, Tove og Gudrun

Solrunn Nes var med på sak 16/26

Opning: Magne

Kaffe og noko å bita i: Erling

14/26 Innkalling og referat vart godkjende

15/26 Evaluering og orienteringssaker:

- **Fasteaksjon.** Det kom inn ca.57.000 kr. Flott resultat! Arbeid med bøssene og oppsett over kven som skulle gå i lag, hadde konfirmantane og prestane gjort klare på førehand. Dette fungerte fint og letta arbeidet for SR.
- **Konfirmantfesten** var vellukka. Det kom litt færre enn det var bestilt mat til (ca 70 stk).
- **Fellesrådsmøte**
- **Konsert med Krupka trio 25.april.** Magne og Randi stiller opp frå SR.
- **Dugnadane:** Norheimsund 27.april: Her vert det pølser og is før me begynner. Songarar frå Laudamus vert oppfordra til å vera med før korøvinga. Vikøy 12.mai: Her må det koma opp plakatar. Randi ordnar med kaffi/mat.
- **Frivilligfest 31.mai:** Olav har sendt ut invitasjon med påmeldingsfrist 22.mai.

16/26 Ikon. Etter at ønskje om ikon i kyrkja vart lagt fram på årsmøtet i mars, har det kome fram ulike synspunkt. Det er positive tilbakemeldingar på at me kjøper ikon, men det kom fram ulike syn på plasseringa, og nokre hadde innvendingar mot plasseringa framme i kyrkja.

Solrunn hadde med seg ikona, og dei vart fyrst prøvehengde på vegg til høgre for altertavla, lågare enn sist og lengre mot vindauga (ikkje midtstilt). Deretter vart dei stilte opp på nordveggen ved orgelet.

I møtet etterpå hadde me ein runde der kvar medlem i soknerådet fekk uttala seg. Det var ulike syn på plasseringa, men me kom fram til eit **4-punkts vedtak:**

1. Soknerådet skal søkja om stønad til å kjøpa ikona. Soknerådsleiar tek kontakt med kyrkjeverja, og dei skriv søknader til aktuelle fond/stiftingar.
2. Soknerådet kjøper ikona av Solrunn Nes når finansieringa er i orden.
3. Me har «prøveopphenging» av ikona framme på veggen der biskopen har godkjent + bak ved nordveggen – ei viss tid på kvar plass.
4. Solrunn har eit føredrag om desse to ikona for kyrkjelyden.

Soknerådet må evaluera etter at folk har fått kome med synspunkta sine, men det er soknerådet som til slutt skal fatta det endelege vedtaket etter drøftingar i rådet.

17/26 Brev frå komitèen «Historia om Norheimsund kyrkje».

Soknerådet rettar ein stor takk til komitèen som har lagt ned mykje arbeid i dette.

Slik me ser det no, er det ikkje realistisk å gjennomføra eit så dyrt prosjekt der ein skal løna redaktør og laga ei bok ut av det. Kan det lagast noko som er enklare og rimelegare?

Vedtak: Utdrag av historia kan forteljast som ein «fylgjetong» i Kyrkjebladet fram mot 40-års jubileet i 2029. Soknerådsleiar snakkar med redaktøren for Kyrkjebladet om dette lèt seg gjennomføra.

18/26 Drøfting av samanslåing av sokna i Kvam. Kyrkjeverjen har tatt initiativ til ei mogleg samanslåing av sokneråda i Kvam.

Dei andre sokneråda i Kvam har drøfta saka, men kome fram til ulike konklusjonar. Me diskuterte saka.

Vedtak: Vikøy sokneråd tilrår at det ikkje vert arbeidd vidare med saka då sokneråda i Kvam ikkje er samde i om dette er i god løysing for kyrkjelydane i Kvam.

19/26 Evt. Ingen saker.

Gudrun Skeie Langeland, ref

